



'Breiband-utstyret' har vore klart på denne veggjen på Musland i fleire månader og endeleg skjer det kanskje noko? (Foto: Ola Matti Mathisen)

**Det var lova breibanddekning oppover i Uskedalen frå nyttår, men firmaet Direct Connect har ikkje innfridd kontrakta med kommunen. Men no skjer det kanskje noko.**

Prosjektleder for utbygging av dei kvite soner i Kvinnherad, Richard Simonsen, lover i Kvinnheringen at alle husstandar i kommunen vil ha nettilgang innan neste fredag.

Baugstranda, Holmedal, Utåker og Ølfarnes får internettilgang via masta i Skånevik.

Uskedalen skal få dekning frå masta i Ølve der Direct Connect har venta på tilgang frå Netcom.

- Men me håpar no at det vil vera klart innan neste fredag, seier Simonsen.

Når det gjeld den alvorlege forseinkinga viser han til at det er mykje fjell i kommunen som betyr utfordringar. Men han beklagar at det har teke så lang tid.

Kommunen betalar ikkje før firmaet har utført arbeidet som dei skal utifrå kontrakta.

Av Ola Matti Mathisen